



NYTT
FRA
**INSTITUTT
FOR
INFORMATIKK**



Nr. 5 29. februar 2008

Innhald

Infrastrukturmidlar 2008/Premiemidlar 2007

Ida sluttar

Undersøkinga av arbeidsmiljøet

Om innlevering/trykking av masteroppgåver

Etikk

Rutiner, Mi Side

Kurs i Ephorus

Framlegg til eksamensplan H08

NordForsk-midlar å søkja om: <http://www.nordforsk.org/text.cfm?path=4,29>

Infrastrukturmidlar 2008/Premiemidlar for 2007

Infrastrukturmidlar 2008 og premiemidlane for 2007 for masterstudentar (5000 pr. master), publikasjonar (2000 pr. publikasjonspoeng) er no tilgjengelege til bruk

(PhD midlane er tilgjengelege straks etter at disputasen er over og inngår som ein variabel del dei 45.000 som er sett av til å dekkja honorar og reiser for opponentar + premiemidlar).

Det er gjort eit par endringar i høve til før. Infrastrukturmidlar blir tildelt også underforskingstermin. Alle midlane er tildelt til gruppene. Det er to grunnar til at det gjort slik. For PhD og dels master er det rettleatingskomitear, ikkje individuelle rettleiarar. Ein del publikasjonspoeng er henta inn av personar som no har slutta, men arbeidet vart utført som del av innsatsen i gruppene. Det blir no opp til gruppene å avgjera bruken av midlane, m.a. i kor stor grad dei skal tildelast vidare for individuelt bruk eller for felles gruppebruk. I hovudsak er det rimeleg at tidlegare praksis blir vidareført (men no av gruppene).

Bastiansen har oversyn over midlane (på individnivå).

NB! For masterstudentar rettleia ved HiB (11 stk. ferdige i 2007) vil det no bli ein institusjonsavtale for fordeling av nasjonale resultatmidlar og HiB vil få sin del direkte frå UiB. For masterar i 2007 blir desse midlane tilført i 2009. Instituttet vil difor ikkje få resultatmidlar for desse studentar. Eventuelle premiemidlar til rettleiarane blir difor i prinsippet ei sak mellom dei og HiB, men instituttet vil om nødvendig bidra med ei forskottering.

Gruppe	Infrastruktur 2008	Master 2007	Publ. 2007
Algoritmer	210000	35000	43433

Bioinformatikk	225000	5000	4723
Optimering	115000	0	12000
Programutvikling, II	240000	30000	11333
Selmersenteret	300000	35000	86983
Visualisering	120000	0	9903
K. Olsen	0	10000	3000
J. Cook	0	15000	0

Ida sluttar



byrja som prosjektleiar for dokumentasjonsenteret - Olav H. Hauge i Ulvik. Vi er leie for at ho forlet oss, men gratulerer med ny stilling.
<http://www.avisa-hordaland.no/toppsak/prosjektleiarens-som-skal-formi/>
 Ho har sistearbeidsdag hjå oss 9. mai.

Stillinga er lyst ut med søknadsfrist 25. mars 2008.



Studiekonsulet
 Ida Holen skal

Undersøkinga av arbeidsmiljøet

Signe har laga fylgjande oppsummering:

Spørjeskjema vart sendt ut til alle tilsette 20 desember-07. Etter ei purring i januar kom det inn totalt 48 svar, dette gir ein svarprosent i overkant av 50 %.

Resultatet av undersøkinga viser at folk i stor grad trivs (86 %) og at dei er stort sett nøgd med arbeidsplassen sin. Resultatet syner også at det er eit par stykke som er misnøgde og meiner det er stort behov for endringar på dei aller fleste punkta.

Det er små forskjellar mellom dei ulike stillingsgruppene; om dei er faste og mellombels tilsette, eller om dei er i vitskapleg eller teknisk/administrative stillingar. Siste gruppa er kanskje ørlite meir positive enn dei andre, her har ingen merka av at det er stort behov for endring på noko av spørsmåla. Det er heller ikkje nokon merkbare forskjellar mellom etasjane kor nøgd/misnøgd ein er.

Jamt over er det mellom 0 og 12 % som meiner at det er eit stort behov for endringar og tiltak. Eit område (fleire spørsmål) som kan identifiserast med problem er HMS-informasjon og opplæring. I undersøkinga er det rundt 10 % som svarar at det her er stort behov for endring, og 25 - 40 % som på desse spørsmåla svarar at det er moderate/begynnande problem.

Eit punkt som klårt skil seg ut, både når det gjeld svarfordeling og det at mange skriv eigne kommentarar, det er spørsmålet om støy/ om dei vert plaga av forstyrrende moment:

32 % er nøgd, 45 % svarer det er små problem og 23 % som svarer at det her er stort behov for endring.

Eit anna forhold som vert kommentert av fleire (7) er IT-drift/sentralisering, sjølv om vi ikkje hadde spørsmål om dette. Kommentarane går på at det er uavklarte oppgåver mellom Brita og lokal teknisk gruppe, at It-avdelinga og Brita er eit problem og at ting fungerer dårligare etter sentraliseringa

Eit par stykke har også kommentert forhold knytt til det å vera stipendiatur:

- At det kan vera uavklart kva krav og forventningar som ligg i rettleiarforholdet.
- At for mykje er opp til stipendiaten sjølv (dei er i trass alt i opplæring).
- Ønskje om meir informasjon om undervisningsplikt, og i større grad få delta i planleggings- og evaluatingsprosessane av kurs.
- Ønskjer medarbeidarsamtale.

Instituttleiinga si tiltaksliste:

- Betring av informasjon ut til tilsette om brannøvingar, HMS-ansvar og liknande
- Kontakt med HiB og Eia for tilgang til informasjon om støyande arbeid, informere dei tilsette.
- Fortsett fokus på forbetring av it-tenestene/ følgje opp IT-avdelinga.
- Arbeide for betring av informasjon til/om stipendiatar.

Til slutt: Når det gjeld eigeninnsats for arbeidsmiljøet er 64 % heilt nøgde, 26 % ikkje heilt nøgde og 10 % meiner tiltak må vurderast. Vi vil oppfordre dei som ikkje er nøgde med eigen innsats om å sette i verk tiltak til liks med instituttet....

Etikk

UiB har no laga ei heimeside med relevant informasjon om etiske spørsmål (i forsking, administrasjon og utdanning): <http://etikk.uib.no/>

Den nasjonale forskingsetiske komiteen har nyleg utarbeidd eit informasjonshefte: "Forskingsetiske retningslinjer for naturvitenskap og teknologi".

Kopiar ligg utlagt i ekspedisjonen. Det kan og hentast ned frå nettet:

<http://www.etikkom.no/retningslinjer/nent>

18. -20. juni, 2008 blir det arrangert kurs i forskingsetikk for rettleiarar (master og PhD) og postdoktorar på Marsteinen Norlandia Hotell. Påmeldingsfrist er 3. mars. Meir informasjon her: <http://etikk.uib.no/forskning/side1.htm>

Instituttet ser det som verdfullt at nokre av våre rettleiarar deltek og instituttet vil difor dekkja kostnadane (vær snill å gje instituttleiar beskjed om de melder dykk på).

Rutiner for beredskap og innleveringsfrister i Mi side og tilknyttede systemer

Utdanningsavdelingen har ansvar for å varsle studenter og ansatte om både planlagt og ikke planlagt nedetid i Mi side. Fakultetene/instituttene har ansvar for å varsle studentene om nye innleveringsfrister så snart som mulig etter at det har vært ikke planlagt nedetid i Mi side. Jfr. rutinene ved ikke planlagt nedetid i Mi side. (Saksnummer i Ephorte: 2007/10036)

Utdanningsavdelingen har ikke beredskapsordning for å varsle om nedetid i Mi side utover normal arbeidstid. Heller ikke IT-avdelingen er bemannet slik at man kan være sikker på at problemer på Mi Side vil kunne løses utenfor normal arbeidstid.

For å sikre at det er beredskap ved innleveringsfrister i Mi side og tilknyttede systemer anbefaler man alle fagmiljøer å sette innleveringsfrister til virkedager mellom 08:00 og 15:00. Det informeres også om at innleveringsfrister som settes utenom virkedager mellom 08:00-15:00 vil være på egen risiko da IT-avdelingen og Utdanningsavdelingen ikke har beredskap utover dette.

Beredskapsnivået vil gjøres kjent i systemet for kurs, dokumentasjon og brukerstøtte:
<https://wikihost.uib.no/uawiki/index.php/Hovudside> samt på administrasjonssiden for Innleveringsmodulen i Mi side.

Mette Myrmell Torrisen
Utdanningsdirektør

Om innlevering/trykking av masteroppgåver

Fakultetet har no lagt om til elektronisk innlevering av masteroppgåver. Instituttet vil senda ut oppgåvene i elektronisk form til rettleiarar og sensorar. Vi vil som hovudregel ikkje produsera papirkopiar av oppgåvene (skulle sensor spesielt be om papirkopi vil han/ho få det).

Kurs i Ephorus

Ephorus er eit tekstattkjenningsprogram som t.d. kan brukast for avsløra plagiering.

Eit kurs blir gitt **tysdag 1.april 2008 kl 12:15 - 14:45**

Stad: Auditoriet på Studentsenteret, Parkveien 1

Påmelding: Innan fredag 28. mars klokka 16:00, epost til kurs@ua.uib.no

(1 time går på engelsk)

Framlegg til eksamensplan hausten 2008

NB! Dette er ikkje endeleg plan. Vi har frist til 1.5 for å koma med endringsframlegg.

<u>Informatikkemner:</u>		
INF100	19.12	09:00-12:00
INF101	23.09 - UKE 39	09:00-12:00
INF102	18.12	09:00-12:00
INF109	19.12	09:00-12:00
INF110	24.09 - UKE 39	09:00-12:00
INF111	26.09 - UKE 39	09:00-12:00
INF112	22.09 - UKE 39	09:00-12:00
INF121	02.12	09:00-12:00
INF142	25.09 - UKE 39	09:00-12:00
INF170	04.12	09:00-12:00
INF220	17.12	09:00-12:00
INF225	01.12	09:00-12:00
INF234	18.11	09:00-12:00
INF240	12.12	09:00-12:00
INF243	04.12	09:00-12:00
INF252	18.12	09:00-12:00
INF270	02.12	09:00-12:00
INF280	15.12	09:00-12:00
INF349	16.12	09:00-12:00
INF379	08.12	09:00-12:00
INF380	22.09 - UKE 39	09:00-12:00